



Fellesnemnda

## Møteinnkalling

**Utval:** FELLESNEMNDA

**Møtestad:** Kviknes hotell i Balestrand

**Møtedato:** 22.06.2017

**Tid:** 13:00 - 00:00

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
	<b>Tittel</b>
1/17	17/2049-6 <b>Fellesnemnda - Opning, konstituering, orienteringar og drøftingar 22.06.2017</b>
2/17	17/2049-1 <b>Konstituering av fellesnemnda</b>
3/17	17/2049-2 <b>Tilsetjing av mellombels prosjektleiar</b>
4/17	17/2049-3 <b>Tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann</b>
5/17	17/2049-4 <b>Nedsetjing av arbeidsgruppe som skal kome med forslag til godtgjerslereglement for Fellesnemnda og arbeidsgrupper m.m. under Fellesnemnda</b>
6/17	17/2049-5 <b>Møteplan 2017</b>

Sakene er offentleg utlagde på <http://bls-2020.no>

Sogndal, 14.06.2017

Jarle Aarvoll  
(leiar)

---

Saksh.: Maj Britt Solberg  
Arkivsak: 17/2049

---

Arkiv:

**Saksnr.: Utval**  
1/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak 1/17**

**Fellesnemnda - Opning, konstituering, orienteringar og drøftingar  
22.06.2017**

## **Punkt 1. Opning**

### **A. Konstituering av møte:**

- Møtet lovleg sett med 19 representantar til stades
- Innkalling og saksliste - godkjenning
- Møteleiar: Jarle Aarvoll
- Ope møte

Framlegg på at representantane Arnstein Menes og Jan Sigurd Haugen vert valde til å underteikne møteprotokollen.

## **Punkt 2. Spørsmål**

## **Punkt 3. Skriv og meldingar**

## **Punkt 4. Orienteringar og drøftingar**

### **A. Orientering frå leiar av fellesnemnda**

1. Vedteken politisk plattform
2. Reglement Fellesnemnd

### **B. Orientering frå prosjektleiar/rådmann**

### **C. Drøftingar**

## **Vedlegg:**

4.A.1, 4.A.2,

Maj Britt Solberg  
-politisk sekretær-

---

Saksh.: Jarle Aarvoll

Arkiv:

Arkivsak: 17/2049

---

**Saksnr.: Utval**  
2/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak 2/17**

### Konstituering av fellesnemnda

#### Tilråding:

Leiar	Jarle Aarvoll
Nestleiar	Jon Håkon Odd

#### Vedlegg:

#### Saksutgreiing:

I framforhandla plattform for samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal står det under punkt 10 m.a. fylgjande.

Fellesnemnd. Fellesnemnda skal førebu, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere den nye kommunen. Fellesnemnda vert sett saman slik:

- Balestrand 5 representantar med vararepresentantar

AP:	Harald Norvald Offerdal	Vara:	1. Espen Lenni Bøe 2. Kari Maria Rutle Fjærestad 3. Antonella Patricia Vidal Ottone
-----	-------------------------	-------	---

Krf:	Frode Bøthun	Vara:	1. Anne Margrethe Kråvik 2. Frode Kleppe Holgersen
------	--------------	-------	---

H:	Lars Trygve Sæle	Vara:	1. Øivind Fagermoen
----	------------------	-------	---------------------

Sp/V/SV:	Arnstein Menes Aud Kari Isane	Vara:	1. Gunnvor Linde 2. Hanna Menes 3. Leif Gunnar Vervik 4. Hallbjørg Eidhamar
----------	----------------------------------	-------	--

- Leikanger 5 representantar med vararepresentantar
- Sogndal 9 representantar med vararepresentantar
  - Jarle Aarvoll (Ap)
  - Senea Sebanovic ( Ap)
  - Kjetil Kvåle (Ap)
  - Laura Kvamme (Sp)

- **Vibeke Johnsen (Sv)**
- **Ivar Slinde (Sp)**

Vara for Ap, Sp, Sv og KrF

- 1. vara Margrete Haug (KrF)
- 2. vara Bente Sønsthagen (Sp)
- 3. vara Eline Orheim ( Ap)
- 4. vara Steinar Øydvin (Sv)
- 5. vara Magne Bruland Selseng (Sp)
- 6. vara Gunnstein Lund (Ap)
- 7. vara Kåre Stokkenes (Ap)

- **Karin Vikane (H)**
- **Rita Navarsete (Frp)**
- **Christen Knagenhjelm (V)**

Vara for H, Frp og Venstre

- 1. vara Arne Glenn Flåten (H)
- 2. vara Einar Vattestad (H)
- 3. vara Gunhild Bøyum (H)
- 4. vara Idar Kollsete (Frp)
- 5. vara Eva Ramstad (V)

Ordfører i Sogndal Jarle Aarvoll er leiar av fellesnemnda og ordfører i Leikanger Jon Håkon Odd er nestleiar i nemnda.

---

Saksh.: Jarle Aarvoll  
Arkivsak: 17/2049

---

Arkiv:

**Saksnr.:** Utval  
3/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak** 3/17

### **Tilsetjing av mellombels prosjektleiar**

#### **Tilråding:**

Rådmennene i kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal får i oppdrag snarleg å avklare kven av dei som skal fungere som prosjektleiar fram til det seinast 01.01.2018 er tilsett ny prosjektleiar/rådmann i Nye Sogndal kommune.

#### **Vedlegg:**

#### **Saksutgreiing:**

##### **Bakgrunn:**

Vurdering: ordførarane i Balestrand, Leikanger og Sogndal har drøfta spørsmålet. Skal Fellesnemnda kome tidleg i gang med arbeidet med å etablere den nye kommunen treng nemnda ei administrativ leiing som har det formelle ansvaret for å leggje fram saker for handsaming i nemnda og følgje opp nemnda sine vedtak. Me vurderer det som lite tenleg om arbeidet med samanslåing av kommunane vert utsett i påvente av tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann. Fellesnemnda vil ha trong for administrativ støtte på fleire område i tida framover og arbeidet med å bygge den nye kommunen bør starte etter konstitueringa av fellesnemnda 23. juni 2017. Rådmennene sitt val av mellombels prosjektleiar vil ikkje påverke tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann. Grunnlaget for det arbeidet ligg i framforhandla plattform og notatet Fellesnemnd for BLS kommunen.

---

Saksh.: Jarle Aarvoll  
Arkivsak: 17/2049

---

Arkiv:

**Saksnr.:** Utval  
4/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak** 4/17

**Tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann**

**Tilråding:**

Leiar og nestleiar i fellesnemnda får fullmakt til å starte denne prosessen umiddelbart.

**Vedlegg:**

1. E-post til KS om avklaring av rådmannstilling/prosjektleiar i ny kommune
2. E-post frå KS om avklaring av rådmannstilling/prosjektleiar i ny kommune

**Saksutgreiing:**

**Vurdering:**

I denne saka har me rådført oss med KS for å avklare spørsmål om rettskrav til stillinga og kva prosessar det kan vere tenleg å fylgje. Ingen av dei 3 rådmenn som sit i stillingane har rettskrav på stilling som rådmann i ny kommune. Såleis har me i vår avgjerd 2 val.

1. Tilby stillinga til ein av dei noverande rådmennene.
2. Lyse ut stillinga eksternt, og det inkluderer at noverande rådmenn kan søkja på stillinga.

I vurderinga ligg det at fellesnemnda ynskjer eit breiast utval av aktuelle søkjarar. Den som vert gitt fullmakt til å starte tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann vil bruke eksterne konsulentar til dette arbeidet.

Vidare vil det vere gjennomført kartleggingssamtale med noverande rådmenn før utlysingsprosessen startar.

---

Saksh.: Jarle Aarvoll  
Arkivsak: 17/2049

---

Arkiv:

**Saksnr.:** Utval  
5/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak** 5/17

**Nedsetjing av arbeidsgruppe som skal kome med forslag til godtgjerslereglement for Fellesnemnda og arbeidsgrupper m.m. under Fellesnemnda**

**Tilråding:**

Fellesnemnda set ned ei arbeidsgruppe med inntil 5 medlemmer for å gjennomgå reglementa i Balestrand, Leikanger og Sogndal.

Arbeidsgruppa skal legg fram forslag til godtgjersle for medlemmer i Fellesnemnda og arbeidsgrupper. Dette inneber møtegodtgjersle og tapt arbeidsinntekt.

**Vedlegg:**

1. [Reglement for politisk organ – Sogndal kommune](#)
2. [Reglement for godtgjersle – Leikanger kommune](#)
3. Godtgjersle til folkevalde - Balestrand kommune

**Saksutgreiing:**

I notatet om Fellesnemnda for BLS kommunen heiter det:

Politiske arbeidsgrupper

Det vil bli etablert fleire politiske arbeidsgrupper for å førebu saker som skal vedtakast i Fellesnemnda. Dette vil sikre brei politisk deltaking i skipinga av den nye kommunen.

Fellesnemnda nemner opp og gjev mandat til dei politiske arbeidsgruppene. Det kan bli oppnemnd politiske arbeidsgrupper, til dømes innanfor følgjande tema:

- Planstrategi.
- Førebu første kommuneplan.
- Politisk organisering og reglement for politiske organ (inkl. godtgjerslereglement).
- Kommunevåpen og ordførarkjede.
- Metodar og verkemiddel for å sikre brei politisk deltaking.
- Rammer for det partipolitiske arbeidet (økonomisk støtte, tilrettelegging for partipolitisk arbeid, organisering).
- Medlemmar i dei politiske arbeidsgruppene er kommunestyrerepresentantar i dei tre kommunane.

Saka har blitt drøfta mellom ordførarane og me har kome til at det bør setjast ned ei arbeidsgruppe som drøftar og kjem med framlegg om godtgjersle for deltaking i Fellesnemnda og arbeidsgrupper under Fellesnemnda.

---

Saksh.: Jarle Aarvoll  
Arkivsak: 17/2049

---

Arkiv:

**Saknr.: Utval**  
6/17 Fellesnemnda

**Møtedato**  
22.06.2017

**Sak 6/17**

**Møteplan 2017**

**Tilråding:**

Møteplan for Fellesnemnda for hausten 2017 er som følgjer:

.....september  
.....oktober  
.....november  
.....desember

Alle møta startar kl.09.00 og møta vert halde i kommunehuset på Leikanger.

**Vedlegg:**

1. Oversikt over møteplan for Balestrand, Leikanger og Sogndal ut året 2017

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

3 ulike kommunar og kulturar skal byggast i saman. Det skal byggast ein ny kommune med det beste frå dei 3 samanslegne kommunane. Samstundes vil det vere eit stort arbeid som skal gjerast med å samordne alle ordningar, tenester, kostnader m.m. i dei 3 kommunane. Dette skal først effektuerast frå 01.01.2020, men tidslinjene fram til det er korte.